



Denne trioen har det kunstnarlege ansvaret: Venke Vethus, Randi Pettersen og Brit Hjetland. Koret skal illustrera ein epoke både sangleg og elles! (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Frå låvedør til Liverpool" er overskrifta når Røysterett for alle feirar sine første 20 år med ei festforestilling i Husnes kulturhus laurdag 29. mars. Programmet til det populære koret startar på bondelandet og endar i heimbyen til Beatles. Det er berre ei hake ved det no vel ei uke før: Koret har enno ikkje fått tak i ei slitt låvedør som kan vera ei sentral kulisse. Men ellers har dei kome langt med førebuingane og førehandssalet av billetter går også bra. 23 songar står på jubileumsprogrammet.

Komiteen som har kunstnarlege ansvar – Venke Vetthus, Randi Pettersen og Brit Hjetland – fortel at koret denne gongen har eit band på seks mann leia av kapellmeister Frode Kaldestad som solid musikalsk bakteppe. Undervegs vil publikum få oppleva ei spanande musikalsk reise der koristane utfaldar seg skikkeleg – ikkje berre musikalsk, men også gjennom tablåar.

Nytt i repertoaret denne gongen er songar av den populære telemarking Odd Nordstoga og koret ønskjer difor velkomen til gards med "Kveldssong for deg og meg". Deretter kjem det ein friar uti garden og så syng dei naturleg nok bruremarsj frå Setesdalen. "Seint i kveld" er ei velkjend barbershop-vise og så kjem eitpar bårsullar, men dei er sprita opp med visuelle effektar som sikrar at tilhøyrarane ikkje sovnar. "Jonsokkvelden" og "Syner i løvsprikningen" er songar som koret har sunge titt og ofte og som avsluttar denne bolken.



Det jubilerande kor stiller med orkester, leia av Frode Kaldestad (til venstre). (Foto: Ola Matti Mathisen)

I andre del av konserten kjem i rekkefølge fleire songar som Røysterett for alle har gjort suksess med tidlegare: "Lenge leve livet", "Tourdion", "Month of Maying", "Det vakraste" og "Attmed Nøkkrostjønna".

Så gjer musikarane sin entre og spelar til den skotske folkemelodi "Kvannsanketid" og to viser til av Nordstoga: "Vandringsvise" og "Malene".



Røysterett for alle øver i Kulturhuset på Husnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Siste del av konserten vonar Røysterett for alle skal bli ein forrykande finale. Den skal illustrere ein heil sangleg og musikalsk epoke, 1960- og 1970-talet. Koret har gjennom dei siste fire åra hatt størst respons med låtane til Liverpool-kvartetten og tredje del av programmet er ein miks av både Beatles og Abba. Den blir innleia av at koristane kjem myldrande opp på scena – damene med knekorte skjørt med vidde – og så kjem dei kjende låtane i tur og orden til "A hard days night" set punktum.

Det blir nok ein hard kveld for koret, men dei lovar ein forfriskande kveld for dei som kjem i Kulturhuset.

Av Ola Matti Mathisen



Karane øver på ein Abba-melodi saman med dirigent Maria Malmsten (med ryggen til). Frå venstre står Lars Henrik Skogtun, Kristian Bringedal, Oscar Langballe (skjult), Kjell Magne Haugland, Jan Ove Olsen, Steinar Naterstad, Kjell Sigbjørn Røssland og Jostein Grov.

